

# Invitasjon til klubbmesterskap for T/H

## Laurdag 28. september 2013



RAN Seilforening inviterer til klubbmesterskap for Tur/havseglarar laurdag 28. september.

Det vert segla i NOR Rating og alle båtane seglar i same klasse. Det vert eit løp på faste merker med start frå pølsebanen til RAN Eintype Regatta. Varselsignal for klubbmesterskapet vert kl. 1200 mellom mellom to av eintypebåtane sine løp denne dagen. Båtane i klubbmesterskapet vert sendt ut på eit 2-3 timars løp på faste merker som startar på kryss og held fram utanfor baneområdet til eintypebåtane. Målgang for klubbmesterskapet vert i Anglevik. Startkontigent: 100 kr. Påmeldingsfrist: 25. september. Påmelding skjer via Seilmagasinet system – sjå [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)

Det er ei målsetjing at flest mogleg av RANs jolleseglarar og foreldre vert med som mannskap på klubbmesterskapet. Det vert 1/3 premiering og premieutdelinga skjer på festen under Ran Eintype Regatta laurdagskvelden. Då vert det seglarfest i klubbhuset med varmt/kaldt koldtbord levert av Fana Catering, bar, premieutdeling Ran Seilforenings Klubbmesterskap for T/H og premieutdeling for Hjeltefjordtrimmen 2013. Det vert eigen online påmelding og betaling av denne festen. Festkontigent: 300 kr. Deltakarane i klubbmesterskapet er sjølvsagt inviterte på dei sosiale hendingane fredag og sundag under RAN Eintype Regatta.

Seglingsprogram og annan info om Klubbmesterskapet finn du på nettsidene til RAN Eintype Regatta som du finn via [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)

Spørsmål om klubbmesterskapet kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39)



**Velkomen til RAN Seilforening sitt klubbmesterskap 2013!**